

Strømsø kirke, 23. mai 2021

Pinsedag

Kunstutstillinga Fugler i Strømsø kirke

Eg har nokre gonger opplevd at ein fugl har funne vegen inn i kyrkja, og attpå til midt under gudstenesta. Etter den første tanken om at dette var da utgjort og eit svært forstyrrende element, har eg konkludert med at eigentleg er det jo eit berikande innslag. Ja, ei påminning om at det som foregår i ei kyrkje inngår i ein mykje større samanheng – med kosmiske dimensjonar.

I kyrkja er vi vant til prosesjonar, der dei medverkande i ei gudsteneste gjer sin høgtidelege entré i kyrkjerommet på ein vel planlagt og gjennomtenkt måte. Aller først i prosesjonen går korsberaren, med korset som representerer han som er skapar og oppehalar av himmel og jord, han som er vegen, sanninga og livet – han som ved si oppstode frå dei døde kastar lys over heile eksistensen og vekkjer håpet om og trua på at alt levande får vere med i lovsongen til den treeinige Gud.

Deretter kjem gjerne den aller minste, dåpsbarnet eller barnekoret eller andre representantar for dei som Jesus løftar opp som dei største i Guds rike, dei han set som forbilde for oss alle: *Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket.* (Matt 18,3)

Så følgjer tekstlesarar og andre medliturgar, og heilt til slutt presten, hovudliturgen.

På Bibelens første blad møter vi også ein slik prosesjon, i skildringa av skapinga.

Frå religionshistoria kjenner vi til at himmellekamar og andre skapte ting har blitt tilkjent religiøs status og vore gjenstand for tilbeding, men her finn dei ulike elementa sin plass i ein velordna liturgisk prosesjon.

På skapingas første dag møter vi lys og mørke, på den andre himmel og hav, på den tredje jord og planter og frukttre og grøne vekster, på den fjerde sol og måne, på den femte fuglar og sjødyr og fiskar, og på den sjette fe, kryp og villdyr – og heilt til slutt kjem MENNESKET – som slik får rolla som heile skaparverkets prest og får i oppgåve å leie den kosmiske gudstenesta og bere alt fram for Skaparen i takk og tilbeding.

Korleis ytrar den enkelte deltakar i denne prosesjonen si tilbeding? Ved simpelthen å vere til.

Og ved å vere ein organisk del av ein meiningsberande heilskap. Ein heilskap vi meir kan ane enn begripe. Eit mysterium som vekkjer undringa – og på uforklarleg og ukontrollerbart vis også trua i oss. Når vi ser og forstår vår eigen plass i heilskapen, ikkje som herskarar men som audmjuke tenrarar og forvaltarar.

For slik fuglane i Strømsø har trådar som knyt den enkelte til noko utanfor seg sjølv, slik hugsar vi i lykkelege stundar at vi ikkje er verdas midtpunkt, men får høyre til i vår felles heim, Guds skaparverk.

I ein av dei gammaltestamentlege salmane heiter det:

*Sporven har funne ein heim,
svala har fått seg eit reir
der ho kan leggja sine ungar,
ved dine altar, Herre Sebaot,
min konge og min Gud.*

*Sæle er dei som bur i ditt hus,
dei skal alltid lova deg. (Salme 84,4f)*

Når fuglane no har slått seg til her i Strømsø kirke, og fyller og tek i bruk heile rommet på sin særegne måte, vitnar dei om denne felles heimen - og i samklang med kyrkjearkitekturen og inventaret for øvrig her i kyrkja – om at vi menneske kommuniserer på fleire frekvensar og via fleire sansar med både det skapte rundt oss og med Skaparen av det heile.

Til denne kommunikasjonen yter kunsten oss uvurderleg hjelp.

I heile Treeiningstida, frå pinse og til advent, vil fuglane utan ord forkynne det budskapet Jesus sjølv knytte til deira forbilde, då han i Bergpreika sa:

Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? (Matt 6,26)

Kva desse fuglane gjer med rommet er i seg sjølv verdt ein ettertanke, og likeså kva dei gjer med oss som betraktar dei.

Fuglen, som har lufta som sitt element og vind under vingene sine, er i kristen tradisjon symbol på Guds pust og Guds Ånd. Dette gjer det ekstra meiningsfullt å opne denne utstillinga nettopp på Pinsedagen, då kyrkja feirar korleis Gud verkar i verda som Den heilage ande. Både på hebraisk og gresk brukast det same ordet på alle desse tre – pusten, vinden og Anden.

Då Jesus steig opp av Jordanelva etter å ha blitt døypt av Johannes, står det at Guds Ande kom dalande ned over han som ei due, og ei røyst frå himmelen sa: «*Dette er Son min, han som eg elskar, i han har eg mi glede.*» (Matt 3,16f)

Kvar gong eit menneske blir døypt er den same Guds Ande verksam og gir sitt liv i gáve.

I apostelen Paulus sin kjende tale på Areopagos, i møte med lærde og fromme atenarar, sa han:

Gud som har skapt verda og alt som i henne er, han som er herre over himmel og jord, han bur ikkje i tempel som er bygde med hender, og lèt seg ikkje tena av menneskehender, som om han skulle trenge noko, han som gjev liv og ande, ja, alt til alle. (Apg 17,24-25)

Og så konkluderte han slik:

Han er då ikkje langt borte frå ein einaste ein av oss. For i han er det vi lever og rører oss og er til.» (Apg 17,27-28)

Heile livet får rom her i kyrkja, og i tusen år har nordmenn funne håp og mening, trøyst og fellesskap, i glede og sorg, ved livets store overgangar – som enkeltindivid og som kollektiv.

Til alle tider har fuglens majestetiske flukt over himmelen vekt lengten i oss menneske - etter fridom, etter det fjerne og etter å kome heim.

For tre år sidan var forholdet mellom kunsten og kyrkja hovudtema på Kyrkjemøtet, og i ei av dei 39 tesene om kunsten og kulturen, som i det høvet vart teipa på domkirkeidøra i Oslo som eit innspel i forkant, heiter det at *fordi kunstens materiale er det sansbare, kan kunsten fastholde at mennesket som skapt også er innfelt i den sansbare verden og dens økologi*.

Den som besøkjer Strømsø kirke i månadene som kjem, vil forhåpentlegvis oppleve at fuglane set sansane i sving, og likeså erkjennings- og tolkingsprosessar som hjelper oss å finne kvile – og fruktbar uro – i denne økologiske heilskapen.

Og med det vil eg erklære denne kunstutstillinga for opna.

Ei stor takk til

- kunstnaren, Katrine Køster-Holst, for den fantastiske måten du har hjelpt fuglane til å finne seg til rette her i kyrkjerommet,
- til Caroline Eidsten Dahl, som med fløyta si har fylt kyrkjerommet med fuglane sin song
- og til presten her i kyrkja, Karoline Faber, for den opne og inkluderande haldninga du har vist, for viljen til å stille kyrkja til disposisjon og legge til rette for eit fruktbart samspel mellom kyrkja og kunsten.